

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal

---

<b>Dato</b>	07.07.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/92603-8
<b>Dykkar referanse</b>	2022/4056-50
<b>Sakshandsamar</b>	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
<b>E-post</b>	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45723354

## Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn - detaljregulering - Pollen næringsområde - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 09.06.2023 om høyring av forslag til detaljregulering for Pollen næringsområde. Hovudføremålet i planen er leggje til rette for næringsutvikling på Sunde med utvikling av to næringstomter som opnar for industri, handverks-, service- og lagerverksemd med tilhøyrande infrastruktur. Det er også eit føremål å sikre eksisterande turveg og leggje til rette for parkering for friluftsliv. Planområdet har ein arealstorleik på 25 daa. Planforslaget omfattar avkøyrse med påkopling til Fv500 Opsangervegen/Halsnøyvegen. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplanen der området er sett av til næring.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 22.11.22. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:  
[www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing).

## Vurdering

### Regionale føringar

I følge plan og bygningsloven §8-2 skal Regional plan (...) *legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen*. Al planomtalen er det lista opp ein del regionale planar som legg føringar for planen, men oversynet må oppdaterast.

Oversikten må oppdaterast med:

- [Regional transportplan for Vestland 2022-2033, RTP](#)
- [Regional plan for klima 2022-2035](#)
- [Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027](#)

### Friluftsliv

Det er positivt at planen sikrar turvegen til Trollskogen og Kaldestadåsen og at det er regulert offentleg parkeringsareal for dei svært viktige friluftslivsområda.

### Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til brev av 09.06.2023 med ovanfor nemnde sak lagd ut til offentleg ettersyn. Viser og til vårt innspel til oppstart datert 22.11.2022. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Ut frå flyfoto ser det som før nemnt ut til at omlag heile planområdet har vore nytta som deponi, anlegg- og riggområde sidan før 2003, og ikkje minst i samband med bygging av Halsnøytunellen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).

#### Samferdse

Vi syner til eige fråsegn frå avdeling for infrastruktur og veg.

## Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld forankring i regional plan og kulturminne. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagansvarleg  
NPI – Plan, klima og analyse

**Ingunn Bårtvedt Skjerdal**  
seniorrådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:  
Lars Øyvind Birkenes, KFO kulturarv

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER